

Til Rektor

Eg vil oppfordra til å starta eit skuleprosjekt for å begynna med å få eigne datamaskinar. Det er mange positive ting framføre denne saka men det er og nokre negative ting som kan bli fiksa. Og viss detta ikkje er eit godt nok argument, så veit ikkje eg!

Tenk på alle fordelane med å ha eigne datamaskinar! Elevane kan lett gå til google og søkja etter informasjon og ord dei slit med, og vil dermed læra meir i løpet av skuledagen; elevane kan og bli betre innanfor adjektiv og ekstra verb i tekstar, fordi dei slepp å viska ut alt berre for å få satt inn eit adjektiv som: "God" eller "Dårleg". Elevar, meiner eg, burde ha slike fordelar i skulekvardagen og spesielt når dei skal jobba i framtida med lange tekstar og modifisera litt på dei. Det blir og mykje lettare for lærarane å "dirigera" timane og ha kontroll på elevane med ein master-pc. Elevane brukar og lengre tid på å skriva for hand enn på å skriva på pc. Elevane vil og bli betre til å skriva på pc, og sidan masse arbeid allereie er på pc, så betyr det at dei vil få masse pluss når dei skal ta høgare utdanning og jobba med nye prosjekt i seinare tid; Det ville og ha vore eit pluss heime, viss dei får PC-ane heim, som og ville ha vore meit øving for elevane, og på skulen ikkje minst. Og viss du har problem med teikning på pultar, og du går for dette prosjektet, er det ingen meir teikning og øydelegging av pultar fordi dei ikkje har blyant, så mykje lenger og har det betre i timane! Du vil og leggja merke til at viss du går for dette valget vil du spara masse pengar, og viss elevane øydelegg datamaskinen er det dei som end opp med å betala. Ser du at det er masse pluss og nesten ingen minusi detta prosjektet økonomisk sett!

Det er og nokre ulemper med å berre skriva med pc, fordi viss dei skriv berre på pc får dei ikkje øvd med å skriva for hand, men slik som eg ser det, er framtida på pc-ane uansett. Dei vil og kanskje begynna å sitte meir framføre datamaskinane eller gå på sider som ikkje er lov, men det kan dykk berre stengja for datamaskinane for det er mogeleg for læraren viss ho har ein master-pc. Det er muleg å komme rund desse sidene, men viss dykk får elevane til å sjå at det er for deiras eget besta, så vil dei ikkje gå på desse sidene og heller jobba med det dei skal, det kan også forhindra mobbing viss dei veit at det er jobbing på skulen og viss dei får meir kreative timar som gjer timane meir spennande vill det og forhindra mobbinga fordi det er gøy på skulen, og der kan datamaskin prosjektet hjelpa, fordi det er mykje meir spennande å vere på datamaskin når du jobbe i timane enn når du jobbar for hand, så det blir og ein pluss for å bli kvitt mobbinga.

Så kva kan datamaskinane fiksa på? Det kan:

Forhindra mobbing,

hjelpe lærarane i timane,

få dykk til å spara pengar,

laga meir kreative timar som vil få elevane, og dermed lærarane, meir positive,

få informasjon leiting/ordbok leiting til å bli mykje lettare,

forhindrar teikning og øydelegging av pult,

gjera modifisering av tekstar mykje lettare enn for hand,

få elevar til å jobba raskare og

hjelpe elevane i seinare utdanning og jobb.

På grunn av desse positive og litt negative tinga som dykk kan fiksa, vil eg i høgaste grad at dykk blir med på detta prosjektet! Ikkje berre for meg eller klassen sin fordel, men for heile skulen og framtida vår sin fordel.

M.V.H